vigo
Interkommunalt selskap

# Eksamen

29.05.2017

LGA2002
Forvaltning og drift

**Programområde:** Landbruk og gartnarnæring/Landbruk og gartnernæring

**Nynorsk/Bokmål**

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | |
| **Vedlegg som skal leverast inn** | |
| **Informasjon om vurderinga** | I denne oppgåva blir det lagt vekt på at du kan:<br><br>• gjengi viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap<br>• forklare korleis noko heng saman, gjere greie for løysingar, bruke kunnskap/teori<br>• vurdere ein situasjon, setje løysingar opp mot kvarandre (drøfte), analysere deg fram til løysingar, grunngje val du tek, gjere greie for konsekvensar av vala dine osv.<br><br>Den endelege vurderinga av eksamenssvaret skal vere ein heilskapleg vurdering av den samla presentasjonen din. |
| **Andre opplysningar** | |

**Skildring av situasjonen:**

Du har kjøpt eit gardsbruk som heiter Lifjellet.

Lifjellet har 100 dekar fulldyrka jord. Jorda består av myrjord med dårleg dreneringstilstand

Våningshuset er i god stand.
Det er eit gamalt sauefjøs på garden.
Fjøset er slite og må totalrenoverast.
Det er 2000 dekar skog med bra tilvekst. Det er óg 10 000 dekar fjell med to store fiskevatn som følgjer med garden. Førre året hadde eigarane av garden fellingstillating på 3 storvilt. Det er óg høve til småviltjakt.

Garden ligg i nærleiken av kommunesenteret. Det er eit variert kulturlandskap på garden og det er registrert raudlisteartar ved eit vatn som grensar til eigedomen din.

Du planlegg å bu på garden og leve av han.

Andre opplysningar du treng, og kvar i Noreg denne garden ligg, må du i dei neste oppgåvene føresetje sjølv.

**Oppgåve 1**

a) Foreslå to nye produkt eller tenester på garden basert på ressursane der. Kva vurderingar vil du gjere for at produkta/tenestene skal vere i samsvar med gjeldande regelverk og bidra til ei berekraftig ressursforvaltning.

b) Skildre ein av naturtypane du vil nytte til den nye produksjonen og forklar korleis produksjonen kan påverke naturtypen.

c) Kvifor treng du forretningsplan før du startar med den nye produksjonen? Skildr kort korleis du vil setje opp ein forretningsplan for denne drifta.

**Oppgåve 2**

Du skal tilsetje ein arbeidstakar på garden.

a) Korleis bør du som leiar opptre overfor ein tilsett?

b) Kva lover og reglar du må halde deg til for å ha tilsette?

**Oppgave 3**

a) Når du skal planleggje ein ny aktivitet på garden må du setje opp eit budsjett. Kva er skilnadene på eit budsjett og ein rekneskap?

b) Gje døme på ulike typar inntekter.

c) Du fører ikkje rekneskap sjølv men klargjer dei for føring av rekneskapsførar. Kva er eit vedlegg og kva vil det seie å klargjere dei for rekneskapsføring?

d) Kvifor er det viktig å ha ein korrekt rekneskap?

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | |
| **Vedlegg som skal leveres inn** | |
| **Informasjon om vurderingen** | I denne oppgaven blir det lagt vekt på at du kan:<br><br>• gjengi viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap<br>• forklare hvordan noe henger sammen, gjøre rede for løsninger, anvende kunnskap/teori<br>• vurdere en situasjon, sette løsninger opp mot hverandre (drøfte), analysere deg fram til løsninger, begrunne valg du gjør og redegjøre for konsekvenser av dine valg osv.<br><br>Den endelige vurderingen av besvarelsen skal være en helhetlig vurdering av den samlede presentasjonen din. |
| **Andre opplysninger** | |

**Situasjonsbeskrivelse:**

Du har kjøpt et gårdsbruk som heter Lifjellet.

Lifjellet har 100 dekar fulldyrka jord. Jorda består av myrjord med dårlig dreneringstilstand.

Våningshuset er i god stand.
Det er et gammelt sauefjøs på gården.
Fjøset er slitt og må totalrenoveres.
Det er 2000 dekar skog med bra tilvekst. Det er også 10 000 dekar fjell med to store fiskevann medfølgende gården. Forrige år hadde eiere av gården fellingstillatelse på 3 storvilt. Det er også muligheter for småviltjakt.

Gården ligger i nærheten av kommunesenteret. Det er et variert kulturlandskap på gården og det er registrert rødlistearter ved et vann som grenser til din eiendom.

Du planlegger å bo på gården og leve av den.

Øvrige opplysninger du trenger, og hvor denne gården ligger i Norge, må du i de neste oppgavene forutsette selv.

**Oppgave 1**

a) Foreslå to nye produkter eller tjenester på gården basert på ressursene der. Hvilke vurderinger vil du gjøre for at produktene/tjenestene skal være i samsvar med gjeldende regelverk og bidra til en bærekraftig ressursforvaltning.

b) Beskriv en av naturtypene du vil benytte til den nye produksjonen og forklar hvordan produksjonen kan påvirke naturtypen.

c) Hvorfor trenger du forretningsplan før du starter med den nye produksjonen? Beskriv kort hvordan du vil sette opp en forretningsplan for denne driften.

**Oppgave 2**

Du skal ansette en arbeidstaker på gården.

a) Hvordan bør du som leder opptre overfor en ansatt?

b) Hvilke lover og regler må du forholde deg til for å ha ansatte?

**Oppgave 3**

a) Når du skal planlegge en ny aktivitet på gården må du sette opp et budsjett. Hva er forskjellene på et budsjett og et regnskap?

b) Gi eksempler på ulike typer inntekter.

c) Du fører ikke regnskap selv men klargjør dem for føring av regnskapsfører. Hva er et bilag og hva vil det si å klargjøre dem for regnskapsføring?

d) Hvorfor er det viktig å ha et korrekt regnskap?

www.vigoiks.no/eksamen

vigo
Interkommunalt selskap